

22.09.2009

Ny, god sesong for ungdomsklubben?



På opningskvelden i fjor møtte det 20 ungdommar frå åttande klassse til 18 år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Onsdag frå klokka 18 til 21.30 er det sesongstart for ungdomsklubben i Gamleskulen og ungdomsleiar Geir Remme håpar det blir ein ny, god sesong. Han minnar om at det var godt besøk i fjor vinter for Zacko, som tidlegare har vore nedleggjingstruga.**

Ungdomsklubben i Uskedalen går no inn i sin tolvte sesong. Han heiter Zacko etter zacko-sekkane som dei unge boltra seg på tidlegare. Gjennom åra er det, med Geir som pådrivar, gjort ein stor innsats md restaurering og oppussing i dei fem romma som kliubben disponerer og som har inngang frå baksida av Gamleskulen, Dei har vorte trivelege og fått eit sær preg. Uskedalen Utvikling leigar dei ut til kommunen.

Vinteren for to år sidan tok klubben til å skranta. Frammøtet svikta og sesongen vart avslutta ein månad tidlegare enn vanleg. Det vart konstatert at det ikkje lenger nyttå å lokka berre med biljard, kortspel og TV. To datamaskinar og ein playstation vart kjøpt inn og det nye tilbodet slo godt an. Etterkvart tok besøket seg kraftig opp og heldt seg vinteren igjennom. Den nye giv heldt seg også i den siste sesongen.

- Og så er eg så "glad for at ungdommene i Uskedalsklubben oppførar seg så fint.  
Dei er rett og slett utruleg snille, seier Geir og peikar på at det ikkje skjer noko form for herverk i denne klubben i motsetnad til andre stader. Ungdommene i Uskedalen er nokre av dei greiaste og høfligaste han har vore borti gjennom sine mange år som ungdomsleiar.

Av Ola Matti Mathisen